

Framlegg til hørings svar frå Selje kommune.

Viser til Kulturdepartementet sitt forslag om endringar i lov 24. februar 1995 nr. 12 om heilagdagane og helgedagsfred (heilagdagslova) § 5 om salg frå faste utsalgsstadar.

Selje kommune støttar ikkje dei tilrådde lovendringane, verken primærforslaget eller sekundærforslaget.

Selje kommune meiner det ikkje er behov for eller hensiktsmessig med liberaliseringar som legger til rette for meir søndagshandel utover det som det i dag er tilgang til.

Selje kommune meiner tvert imot at det er viktig å oppretthalde grenser for kommersiell aktivitet på søndagar. Grenser for kommersiell aktivitet på søn- og heilagdagane bidrar til å bevare disse dagane som annleis enn vanlige kvardagar. Søndagen er ein viktig felles fridag og kviledag, og det er ein viktig samfunnsverdi å vidareføre søndagen som ein annleisdag for befolkninga, ein dag som er viktig for livsrytmen til folk flest.

Selje kommune er ikkje for at rein markedsliberalisme skal styre samfunnsutviklinga.

Selje kommune meiner det er sannsynlig at regjeringa sitt forslag til liberalisering vil ha store konsekvensar for familieliv, arbeidsliv og ikkje minst kulturliv og frivillig sektor.

I departementet si vurdering (7.1 Vurderingar), blir det vist til at departementet sitt forslag om å bygge ned reguleringa av butikkar sine opningstider på søndagar, har som utgangspunkt at tilbod og etterspørsel eignar seg betre enn lovverket til å regulere butikkar sine opningstider. Ytterligere deregulering av opningstidene vil innebere større grad av likebehandling mellom butikkar, og det vil bidra til forenkling av regelverket. Forbrukaren vil sjølv kunne avgjøre når de ynskjer å handle, og butikkane kan sjølv vurdere kva opningstider de vil tilby.

Selje kommune er ikkje einig i at tilbod og etterspørsel eignar seg betre enn lovverket til å regulere opningstidene.

Selje kommune meiner det er viktig at regulering av opningstidene ikkje aleine bør avgjerast av tilbod og etterspørsel, men at omsyn til søndagen som ein annleis dag, befolkninga sitt behov for ein felles kviledag, helgedagsfreden, til arbeidstakaren sitt behov for ein fridag saman med venner og familie, vert best sikra gjennom ei vidareføring av dagens lovverk.

Selje kommune meiner regjeringa sitt forslag om liberalisering av helligdagsloven legg til rette for ein grunnleggjande samfunnsendring som ikkje er ynskjeleg.

Formålet med helgedagsfreden er blant anna å bidra til at flest mulig blir gitt mogelegheit til å ha helgefri og sørge for at ein dag i veka er annleis enn vanlige kvardagar.

Selje kommune meiner det er viktig å skjerme ein dag i veka for kommersiell aktivitet, slik at ein sørger for at fleire av arbeidstakaren i varehandelen får mogelegheit til fri på søndagar. For mange er dette ein viktig del av kampen for rett til eit familieliv. Som det vert peika på i høringsnotatets punkt 9.5.4, vil nokon oppleve det som ei byrde å måtte arbeide på søndagar. Varehandelen er stor og representerer over 65 000 bedrifter med 370 000 tilsette.

Selje kommune meiner at regjeringa sitt forslag er uheldig også fordi det gir alle disse arbeidstakarane mindre sannsynleg høve for søndagsfri.

Som det blir peika på i høringsnotatet, punkt 9.5.4, vil regjeringa sitt forslag for deler av næringa føre til økt lønnsemd pga økte markedsandelar, medan andre kan få redusert lønnsemd pga auka konkurranse og auka lønnskostnader. Forslaget kan, som det står i høringsnotatet, føre til restruktureringer i næringen. Dette er endringar som Selje kommune tvilar på vil vere eit gode for innbyggjarane.

I høringsnotatet, punkt 9.5.2, kan regjeringa sitt forslag til endringar føre til «større og færre vareutval og at meir av handelen flytter inn i kjøpesentre».

Regjeringa sitt forslag kan ifølge departementet føre til en «en omstrukturering i bransjen og avskaling av de minst lønnsomme bedriftene». Erfaringar frå Danmark viser at liberalisering av regelverket og meir søndagsåpent har ført til at omsetning har flyttet frå mindre butikkar til de større.

Selje kommune frykter at regjeringa sin liberaliseringsforslag vil slå beina under mange av nærbutikkane i distrikta. Mange av distriktsbutikkene er vel blant de «minst lønnsomme bedriftene». For mange er marginane små. Dersom lokalbutikkane vert lagde ned, forsvinn samtidig en viktig del av grunnlaget for busetnaden i lokalsamfunnet. Det er brei politisk semje om at distriktsbutikkane har stor betydning for å oppretthalde busetnaden, og Selje kommune meiner det vil vere uklokt å liberalisere regelverket og dermed legge til rette for ei utvikling som kan svekke busetnaden i distrikta.

Selje kommune kan ikkje sjå at de foreslegne lovendingane vil bidra til forenkling eller mindre arbeid for offentlige instansar.

Selje kommune viser til dei sterke motførestillingane som pregar den offentlige debatten rundt regjeringa sitt forslag. Selje kommune meiner arbeidstakaren, næringa, miljøorganisasjonane, frivilligheita, kyrkja og ander sine motførestellingar bør vege tungt i desse vurderingane.

I høringsnotatet blir det vist, under 9.6 til at Handelen sitt samarbeidsutval (HSU) har framlagt ein rapport om miljøkonsekvensar av søndagsopne butikkar, og at det i rapporten blir antatt at søndagsopne butikkar vil medføre konsekvensar for miljøet fordi fleire vil reise på jobb søndagar enn tidlegare, energiforbruket vil auke og det vil bli noko meir varetransport. Sjølv om det i høringsnotatet blir påpeika at det er usikkerheit knytt til alle desse momenta, og spesielt til kor vidt det vil være behov for auka varetransport, meiner Selje kommune at det er svært sannsynlig at regjeringa sitt forslag vil kunne føre til auka miljøbelastning fordi energiforbruket vil øke, og det vil bli fleire jobbreiser søndagar.

Når det gjelder departementet sitt sekundærforslag, det alternative forslaget til endring i helligdagsloven, vil vi åtvare mot denne løysningen ut i frå ein vurdering av spørsmålet om søndagshandelen som eit nasjonalt spørsmål: Det er viktig at heile Norge si befolkning opplever at

søndagen er en annleis dag også i framtida.

Selje kommune viser også til argumenta som vert presentert mot denne løysninga i høringsnotatet. Lokal avgjørelesmyndighet vil kunne føre til forskjellar mellom kommunar, det kan virke uheldig for næringsdrivande som kan oppleve handelslekkasje til konkurrentar, og forbrukera kan oppleve ulik tilgang på varer. Kommunal beslutningsmyndighet kan medføre uheldig konkurransevriding, og det kan auke kommunen sine arbeidsoppgåver.

Selje kommune meiner det er naivt å tru at kommunane vil oppleve reell valgfriheit dersom avgjerdsemyndet blir lokal. Markedsmekanismene fungerer slik at konkurransesituasjonen raskt vil ta i frå kommunane reelle muligheiter til å ta sjølvstendige avgjersler.

Høringsnotatets punkt 9.2 beskriver fleire viktige sider ved søndagen som ein annleis dag. ... meiner at nettopp disse omsyna tilseier at dagens regelverk bør vidareførast.

Når det gjelder konsekvensane av regjeringa sitt forslag, blir det peika på under 9.1 at det er vanskelig presist å syneleggjere konsekvensar av forslaget.

Selje kommune meiner det er gode grunner til å tru at regjeringa sitt forslag vil legge til rette for grunnleggande samfunnsendingar som Selje kommune ikkje ser på som positive.

Selje kommune meiner at regelverk vi har i dag, på en god måte ivaretek omsynet til brukaren sitt behov, samtidig som søndagen som en annleis dag, med begrensa handelsvirksomheit, vert oppretthalden.

På bakgrunn av grunngevinga vi viser til, meiner Selje kommune at dagens regelverk bør vidareførast.